

# Friluftslivets År 2025

Prosjektskisse

OPPDATERT OKTOBER 2024

# Innhald

Prosjektrammer .....	2
Bakgrunn .....	2
Samarbeid .....	2
Forankring i fylkeskommunale planar og satsingar .....	2
Organisering .....	3
Kunnskapsgrunnlag .....	3
Trender .....	3
Forsking og utvikling .....	4
Mål og tiltak .....	4
Delmål .....	4
Kompetansehevande tiltak .....	4
Kommunikasjonstiltak .....	5
Prosjektprosessen .....	5
Økonomi .....	5
Kartlegging og medverknad .....	5
Sentrale datoar og tiltak 2024 – 2025 .....	7

## **Friluftslivets År 2025**

Friluftslivets år er forankra i Stortingsmelding om friluftsliv (2016) og er eit nasjonalt markeringsår for friluftsliv som arrangerast kvart tiande år med støtte frå Klima- og miljødepartementet. Året er eit samarbeid mellom friluftslivsorganisasjonane, frivilligheita, friluftsråda, sentrale og lokale mynde, skular, næringsliv og einskildpersonar.

# Prosjektrammer

## Bakgrunn

Friluftslivets år er ein landsdekkande markering som arrangerast kvart tiande år. Friluftslivets år 2025 er forankra i Stortingsmelding om friluftsliv (2016). Klima og miljødepartementet har gitt paraplyorganisasjonen Norsk Friluftsliv i oppdrag å leie og gjennomføra året. Det overordna målet frå Regjeringa for Friluftslivets år i 2025 er å halde oppe og helst auke deltakinga i friluftsliv i alle grupper i befolkninga.

Med bakgrunn i dette er Norsk Friluftsliv prosjektleiar for ein nasjonal kampanje som skal «skape begeistring for eitt naturvennleg friluftsliv, og senke terskelen for å delta».

VLFK ynskjer å bidra til fysisk aktiv kvardag for alle. Vidare skal fylkeskommunen bidra til å oppfylle FN sine berekraftsmål. På fagområdet friluftsliv tyder dette at fylkeskommunen må oppmuntre aktivitet som er økonomisk, sosialt og miljømessig berekraftig. Vestland fylkeskommune vil nytte markeringa av friluftslivets år 2025 for å styrke berekraftig deltaking i friluftsliv i Vestland.

## Samarbeid

Friluftslivets År 2025 er ein markering som skapast gjennom samarbeid mellom eit stort mangfald av aktørar. Markeringa av året vil krevje samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor, så vel som samarbeid på tvers av kommunar og kulturelle og økonomiske barrierar. Fylkeskommune legg til rette for samarbeid mellom aktørar, fasiliterer møteplassar ved behov, spreier informasjon om nasjonale satsingar, og rådgjer kommunane og organisasjonane i arbeidet med å inkludere fleire i friluftsliv i Vestland.

For å sikre at markeringa er relevant for heile fylket er det oppretta ei rådgjevande gruppe med deltakarar som til saman representerer brei geografisk spreining og famnar eit breitt spekter av organisasjonar innan områda friluftsliv, frivilligheit og inkludering

## Forankring i fylkeskommunale planar og satsingar

Markeringa av Friluftslivets År 2025 er i tråd med Utviklingsplan Vestland i at ho styrkar målet om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland, Fylkeskommunen si deltaking i markeringa er i tråd med strategien om at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Den planlagde markeringa av Friluftslivets År 2025 er i tråd med regional plan for kultur 2023–2035, og vil bidra til å «styrkje [...] friluftsliv som arena for inkludering og mangfald», jamfør handlingsprogrammet for perioden.» Tiltaka for auka deltaking i friluftsliv for dei som i dag ikkje deltek, eller deltek sjeldan, vil føre til redusert ulikskap, og meir inkludering i nærmiljøet for målgruppene.

Vestland fylkeskommune arbeider for å utjamne sosiale skilnader når det gjeld deltaking i alle fritidsaktivitetar. Som første fylkeskommune i landet har Vestland signert ein fritidserklæring, i samarbeid med ei rekke aktørar, mellom anna Vestland Idrettskrets, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland, Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane, Vestland Innvanderråd og Vestland Frivilligsentralar. Erklæringa skal sikre at alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet i lag med andre. Prosjektmåla for friluftslivets år 2025 er med å understøtte måla i fritidserklæringa.

## Organisering

- VLFK er prosjekteigar.
- Rådgjevande gruppe bidreg med kunnskap om målgruppene slik at tiltak og initiativ treff bra i høve til behov. Dei hjelper og med å spreie relevant informasjon/ressursar til målgruppene. Følgande er med i gruppa:
  - Røde Kors Voss
  - Bergen og Hordaland Turlag
  - Vestland Innvandreråd
  - Friluftsråda
  - Etne kommune
  - Sunnfjord kommune
  - Florø Frivilligsentral
  - NJFF Sogn og Fjordane
  - Sogn og Fjordane 4H

## Kunnskapsgrunnlag

### Trender

Friluftsliv er ein viktig del av vår nasjonale identitet og den norske kulturarven. Kva aktivitetar som inngår i friluftslivsomgrepet, og kven som i størst grad utøver dei ulike aktivitetane, er i stadig endring. I dag har vi eit større mangfald av aktivitetar enn tidlegare, likevel har nokre kjerneaktivitetar markert seg som viktige kjelder til friluftsliv i Noreg over tid. Rapporten *Friluftsliv i Norge – status og historisk utvikling*, utgitt av SSB, syner at dette gjeld spesielt fotturar og skiturar. Fotturar av di det krev lite utstyr, kan utøvast nærast overalt, gjev fysisk aktivitet og betre form, i tillegg til å vere skånsamt for naturen. Skiturar har lang historisk tradisjon, og har vore brukt til å kome seg fram i skog og mark. I desse aktivitetane har det skjedd eit fall i *deltaking* frå midten av 1990-talet. Samstundes har det vore ei auke i *utøvingsfrekvens* dei siste tiåra for mange aktivitetar, spesielt fotturar. Det ser altså ut til at dei som er aktive, er meir aktive enn før, medan talet på inaktive er relativt stabilt. Eit anna funn i rapporten er at det er store variasjonar i befolkninga, der det er dei yngre og dei med høgast utdanning som deltek i størst grad, medan einslege forsørgjarar og personar med låg utdanning og inntekt deltek i mindre grad. Dette viser at deltaking i friluftsliv er avhengig av struktur og kultur: økonomi, tid og foreldre som gjerne har drive med friluftsliv er alle faktorar som senker terskelen for å delta. Desse trendane gjeld både for vaksne og barn.

Under Covid-19-pandemien vart tilgang på natur og grøne områder, anten det er hage, park eller mark, anerkjend som avgjerande for folk si fysiske og mentale helse. Samstundes vart det avdekka stor ulikskap når det gjeld tilgangen til slike grøntareal, der nokre grupper er meir utsett enn andre, til dømes eldre, personar med nedsett funksjonsevne og personar med lågare sosioøkonomisk status. I tillegg bur vi spreidd i Noreg, både i urbane og meir rurale område, noko som aktualiserer spørsmålet om korleis tilgangen og friluftsvanane i ulike grupper i befolkninga er.

## Forsking og utvikling

Kunnskapskjelder (sjå mellom anna Stortingsmelding 2015-2016:19 «Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet» og Dalen og Oppøyen (SSB-rapport 2023/31) «Friluftsliv i Norge Status og historisk utvikling») vi har tilgjengeleg for norsk friluftslivsdeltaking viser at dei som i dag deltek mindre enn andre og/eller mindre enn dei sjølve ynskjer er dei av oss som er:

- innvandra frå Afrika og Asia
- med låg inntekt og/eller lite utdanning
- med nedsett rørsleevne

Også i Vestland fylke ser vi at det er lågare deltaking i fritidsaktivitetar og/eller lågare skåring på levekårsindikatorar hjå gruppene nemnt over.

Eit av samfunnsoppdraga til Vestland fylkeskommune er betring av levekår for befolkninga, og deltaking i friluftsliv kan vere eit verktøy inn i dette målet. Auka deltaking i friluftsliv blant gruppene nemnt over vil kunne ha ein positiv effekt på levekårsindikatorar. Det er og av stor betydning for folkehelsa å legge til rette for auka deltaking i friluftslivet frå dei eldste i samfunnet.

Det fins etter kvart mange kunnskapskjelder som støtter opp under friluftsliv si positive påverknad på vår psykiske helse. M.a. [Brage NIH: Friluftsliv og psykisk helsearbeid: Hvordan sosialt friluftsliv, bevegelsesglede og naturnærvær kan bidra til livsmestring \(unit.no\) - t-1474.pdf \(regjeringen.no\)](#) (Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse - rapport frå det nordiske miljøprosjektet "Friluftsliv og psykisk helse"- [Psykisk helse og opplevelsen av deltaking i friluftsliv | Tidsskrift for psykisk helsearbeid \(idunn.no\)](#))

## Mål og tiltak

Auke den varige friluftslivsdeltakinga hjå dei som i dag ikkje deltek i friluftsliv, eller som deltek mindre enn dei sjølve ynskjer.

### Delmål

- Skapa møteplassar kor aktørar på friluftslivsfeltet kan møtast og utveksle erfaringar og gode løysingar.
- Bidra til å gjere eksisterande informasjon om friluftslivstilbod meir tilgjengeleg for fleire.
- Kompetanseheving for deltakande kommunar og organisasjonar.
- Lite aktive befolkningsgrupper skal bli meir aktive i friluftslivet.
- Styrke og bevare eksisterande friluftslivsaktivitetar.

### Kompetansehevande tiltak

Markeringa av friluftslivets år vil tilføre kompetanse knytt til mangfald og inkludering både i kommunar og organisasjonar gjennom konferansar, webinar og fagsamlingar.

### Fokusområde, kompetanseheving:

- Krysskulturell kommunikasjon – informasjonsdeling som kryssar språkbarrierar og kulturelle barrierar.
- Korleis legge til rette for at funksjonsevne ikkje skal være til hinder for deltaking i friluftsliv

- Korleis komme over økonomiske barrierar, utan å auke opplevd stigmatisering hjå barn i låginntekstfamiliar
- Naturvennleg og berekraftig bruk av natur
- Korleis skape varierte friluftslivstilbod som opplevast som tilgjengeleg for alle.
- Korleis handtere utfordringar knytt til transport/mobilitet og friluftsliv?
- Korleis få effektivt samarbeid mellom offentleg og ideell sektor.
- Auke kompetanse på allemannsrett og -plikt.

## Kommunikasjonstiltak

Norsk Friluftsliv (NF) er nasjonal prosjektleiar for markeringa og har fleire kommunikasjonsrådgjevarar som driv formidlingsarbeid i samband med Friluftslivets år 2025. NF har utarbeida diverse kampanjar og profileringsmateriell som er tilgjengeleg for alle som er involvert i markeringa. Per dags dato er materialet berre på bokmål, men det er meldt inn at vi ynskjer nynorsk omsetning. Norsk Friluftsliv har meldt at dei vil etterkomme dette.

VLFK vil gjennom prosjektet produsere eigne nyheitssaker som kommunar og organisasjonar kan dele vidare i både eigne kanalar og til lokalaviser.

I arbeidet med kommunikasjon og formidling vil vi bruke ressursar i kommunane, i rådgjevande gruppe og kompetanse på kommunikasjon og formidling i VLFK.

## Prosjektprosessen

### Økonomi


Markeringa av Friluftslivets År organiserast som prosjekt med prosjektleiing lagt til avdeling for kultur og folkehelse. Aktivitetar, tiltak og drift av prosjektet utførast innanfor eksisterande bemanning og økonomiske rammer.

Det allereie eksisterande «tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, unge vaksne og eldre» er styrka for 2024, og vil prioritere søknadar knytt til Friluftslivets År 2025 (gjeld berre for tildelingar i 2024 og 2025). Endringa blei handsama i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 26.juni, i sak PS 85/2024.

### Kartlegging og medverknad

Så langt har fylkeskommunen kartlagt interessentar i markeringa og utfordringsbilete i fylket. Det er gjennomført innspelsmøte med interessentane og det er føreslått mål og delmål med utgangspunkt i oppdrag frå nasjonalt hald, utfordringsbilete i fylket og innspel frå interessentar. Ei tilbakemelding som kom etter markeringa i 2015 var at markeringa var for sentralisert og at distrikta ikkje følte seg nok involverte. Vidare arbeid med friluftslivets år 2025 vil difor gjerast etter fortløpande innspel frå representantar frå lag, foreiningar, friluftsråd, frivilligsentralar, og kommunar i heile Vestland fylke. Slik vil ein sikre lokal forankring og at verkemidlar som nyttast faktisk treff der det er behov.

12. april inviterte Fylkeskommunen kommunar og frivilligheita til digitalt samarbeidsmøte om planlegging av friluftslivets år 2025. Det var omtrent 55 deltakarar til stades. På dette innspelsmøtet kom det fleire innspel til kva fylkeskommunen kan bidra med inn i markeringa av året. Forventningane til fylkeskommunen visast i diagrammet under:



Fleire av deltakarane ytra ønske om at fylkeskommunen fasiliterer møteplassar kor lag, foreiningar og kommunar kan treffast. Fleire påpeika at det er trong for økonomiske tilskot for å få gjennomført tiltak. Det var òg mange som påpekte behov for kompetanseheving – særleg når det gjeld korleis ein kan 'få tak i' dei som i dag ikkje deltek i friluftsliv i særleg stor grad.

Fylkeskommunen har styrka eiga tilskotsordning retta mot friluftslivstiltak, og har hatt informasjonsmøte om andre aktuelle tilskotsordningar.

Fylkeskommunen har allereie hatt eit webinar retta mot kommunale integreringsarbeidarar om korleis ein kan nytta friluftslivstiltak i arbeid med busette flyktingar, og planlegg fleire slike kompetansehevande samlingar i løpet av 2025. Vidare vil fylkeskommunen invitere aktørane til ei fysisk friluftslivssamling på Vestlandshuset i desember 2024 for å ivareta behovet for møteplassar og arena for samarbeid mellom aktørane. Det er og planlagt ein fysisk samling i desember 2025 slik at aktørane kan dele erfaringar og gode døme frå markeringa.

Fylkeskommunen vil ta initiativ til å opprette eit samarbeidsforum for regionale aktørar som skal betre samarbeid mellom ulike friluftslivsaktørar i Vestland.



# Sentrale datoar og tiltak 2024 – 2025

Norsk Friluftsliv har utarbeida [ein digital aktivitetskalender](#) kor ein kan melde inn aktivitetar. Fylkeskommunen vil oppmode alle aktørar å nytte denne slik at vi får ein oversikt over kva som skjer i fylket.

Under er ein tentativ liste over tiltak og aktivitetar som er planlagde so langt. Lista er ikkje uttømmende, og relevante hendingar vil leggest til fortløpande.

2024	
12. april	Første innspelsmøte med interessentar
27.august	Første møte i rådgjevande gruppe
9.desember	Friluftslivskonferanse
2025	
<b>Kontinuerleg</b>	Oppfølging av kommunane og organisasjonane
16. januar	Markering av opninga m/bålpanne utanfor Vestlandshuset
18. januar	Opning: «Heile Noreg Bålar» / «Heile Vestland Bålar?»
Første halvdel -25	2 stk webinarar*
Februar	Første møte i samarbeidsforum**
5. mars	Webinar om statleg sikring av friluftsområde
Juni	Andre møte i samarbeidsforum
Medio august	Tredje møte i samarbeidsforum
30.august – 7.september	Friluftslivets uke 2025
Andre halvdel -25	2.stk. webinar
10.oktober	Verdsdag for psykisk helse
5.desember	Frivilligheitas Dag
Desember -25	Avslutningskonferanse – kva fekk vi til og vegen vidare?

## \*Samlingar (webinar og fysiske)

Aktuelle tema:

- Historisk og moderne friluftsliv
- Allemannsrett og -plikt
- Naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv
- Friluftsliv og psykisk helse
- Tur-, ro- og padleruter Vestland
- Dagsturhyttane i Vestland

## \*\*Etablere samarbeidsforum

Samarbeidsarena for regionale aktørar som skal betre samarbeid mellom ulike friluftslivsaktørar i Vestland.

